



Arkiv: PLANTYPE-21, TI-&13,
HØRING-22.03.2021
JournalpostID: 21/18317
Saksbehandlar: Hanne Marie Utvær
Dato: 31.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
21/042	Stad ungdomsråd	07.06.2021
21/100	Utval for areal og eigedom	08.06.2021
21/067	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	08.06.2021
21/089	Stad formannskap	10.06.2021

Saksframlegg 2. gangs offentlig ettersyn av kommunedelplan for sjøareala i Stad kommune - 2021 - 2031

Bakgrunn for saka:

Kommunane kan lage ein eigen kommunedelplan for sjøområda, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 11-1, tredje ledd.

Oppstart av kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune vart varsla våren 2020. Planframlegget låg ute på offentlig høyring i perioden 4. februar til 22. mars. Merknadane som kom inn samband med offentlig ettersyn har vore med å legge grunnlaget for revidert planframlegg til politisk handsaming i før 2. gangs offentlig ettersyn.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i PBL § 11-14 vedtek Stad kommune å legge ut planframlegg for kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune for 2021 – 2031 til 2. offentlig ettersyn, med frist for å kome med merknad til planframlegget til 1. september 2021.

Vedlegg i saka:

02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BA01, BA02, BA03, BA04	1431191
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BA05	1431192
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BA21	1431193
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BA22	1431194
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BA23	1431195
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN01	1431196
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN02	1431197
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN21 og BN22, VHS21 og VHS23	1431198
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN23 og VHS24	1431199
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN24 og VHS22	1431200

02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN27 og VHS25	1431202
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - BN41, VK41, VS41	1431203
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA01	1431204
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA11	1431205
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA12	1431206
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA13	1431207
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA25	1431208
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA31	1431209
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA32 og VA33	1431210
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA45	1431211
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA46 og VA47	1431212
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA50	1431213
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA51	1431214
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA52	1431215
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA53	1431216
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA55	1431217
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VA61	1431218
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VHS01	1431219
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VS23 og BFT23	1431220
02.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - VS24 og BFT24	1431221
01.06.2021	Føresegner kommunedelplan sjøareal - framlegg 2.off ettersyn	1431222
01.06.2021	KU - sjøareal Stad kommune rev. A datert 31.05.21	1431223
22.04.2021	Samla innspel interesseorganisasjonar	1422170
22.04.2021	Samla innspel offentlege høyringspartar	1422173
02.06.2021	Planomtale framlegg 2. off ettersyn	1431988
03.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - Eidsfjorden - Utfjorden	1432130
03.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - Stadhalvøya nord	1432131
03.06.2021	Kommunedelplan for sjøområde - Stadhalvøya sør - Barmen - Flatraket	1432132
03.06.2021	Kortversjon - Skredfarevurdering næringsareal Lestovika, Stad kommune	1432133
09.06.2021	Samla innspel Bådane Reset Anders Lien	1433431
09.06.2021	Samla innspel Bådane Reset frå innbyggere og lag	1433432
09.06.2021	Samla innspel interesseorganisasjonar	1433433
09.06.2021	Samla innspel offentlege høyringspartar	1433434
09.06.2021	Sjekkliste_Skredfarevurdering_Lestovika	1433435
09.06.2021	Skredfarevurdering næringsareal Lestovika, Stad kommune	1433436
09.06.2021	Sak 21/089 til handsaming i formannskapet den 10.06.21.	1433477
09.06.2021	Reguleringsplan industriarealet på Reset	1433478
09.06.2021	Bilag 8 - Reguleringsplan - Krakereid Vest.	1433479
09.06.2021	Gang- og sykkelveg frå Reset-Krakereid og til Selje skule.	1433480
10.06.2021	Kommunedelplan sjøareal 2.off. ettersyn Utval	1433626

Stad ungdomsråd 07.06.2021:

Handsaming:

SUR- 21/042 Vedtak:

Med heimel i PBL § 11-14 vedtek Stad kommune å legge ut planframlegg for kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune for 2021 – 2031 til 2. offentleg ettersyn, med frist for å kome med merknad til planframlegget til 1. september 2021.

Utval for areal og eigedom 08.06.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg frå utvalet:

Administrasjonen må korrigere kart og KU knytt til område Bådane/Reset.

Planomtale i Kjøde må oppdaterast, slik at grunngeving for å ta ut tilkomstveg i sjø går ut.

Vi tek ikkje ut prosjekt no, i påvente av innspel frå 2. gongs høyring

Kommunedirektøren si tilråding og fellesframlegget frå utvalet vert samrøystes vedteke.

UAE- 21/100 Vedtak:

Med heimel i PBL § 11-14 vedtek Stad kommune å legge ut planframlegg for kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune for 2021 – 2031 til 2. offentleg ettersyn, med frist for å kome med merknad til planframlegget til 1. september 2021.

Administrasjonen må korrigere kart og KU knytt til område Bådane/Reset.

Planomtale i Kjøde må oppdaterast, slik at grunngeving for å ta ut tilkomstveg i sjø går ut.

Kommunen tek ikkje ut prosjekt no, i påvente av innspel frå 2. gongs høyring.

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 08.06.2021:

Handsaming:

Jan Vidar Smenes (Ap) stilte spørsmål ved habiliteten sin, som følgje av sin familierelasjon til utviklar av Bådane/Reset i Selje. Det vart røysta over habiliteten til Smenes, som vart kjend habil til å delta i handsaming i saka, jf. fvl. § 6 2. ledd.

Endringsframlegg frå Jan Vidar Smenes (Ap):

Pga stor negativ naturpåvirkningar og motstand hos befolkningen i området foreslår Stad Arbeiderparti å ta ut akvakulturlokalitetene:

- Erviksskorane – VA 47
- Torvneset – VA 53
- Breivika – VA 55

Tilleggsframlegg frå Jan Vidar Smenes (Ap):

Viser til reguleringsplan for Industriområdet Reset 06/88 som ble omregulert fra friområde til industri i vedtak 35/89 av 06.07.89.

Dette industriområdet midt innimellom bebyggelsen i Selje sentrum har ikke vært benyttet til noe som helst siden det ble omregulert til industri for over 30 år siden. Nå søkes om å få en enda større utfylling utenfor dette området ifm. masseplassering fra Stad Skipstunnel.

All trafikk på land til dette området må enten gå langs Hoveveien som er skolevei uten fortau for 30-40 skolebarn, eller gjennom sentrum i Selje, der det er enda mer myke trafikanter. En stor utviding av dette området vil være til stor forringelse av bokvalitet for innbyggerne i Vikavegen, på Reset og i Selje sentrum

På grunn av stor motstand rundt den foreslått utvidingen av området fraråder KISN at dette området blir tatt med i 2 g høring av Kommunedelsplanen for sjøareala.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart vedteke mot tre røyster. Jan Vidar Smenes (Ap), Jon Frogner (V) og Kjell Magnar Flølo (Sp) røysta mot. Utvalsleiar Geir Årvik (H) nytta si dobbeltrøyst.

UKISN- 21/067 Vedtak:

Med heimel i PBL § 11-14 vedtek Stad kommune å legge ut planframlegg for kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune for 2021 – 2031 til 2. offentleg ettersyn, med frist for å kome med merknad til planframlegget til 1. september 2021.

Stad formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Wanja Lien (H) ba om å få vurdert sin habilitet i saka grunna familierelasjon med grunneigar i Bådane/Reset.

Paul Jacob Helgesen (Sp) ba om å få vurdert sin habilitet i saka grunna familierelasjon med grunneigar i Berstad, og arbeidsrelasjon som tilsett/medeigar i Segel AS, og som medeigar i selskap innan landbasert oppdrett.

Wanja Lien (H) vart vurdert som *habil* i den generelle handsaminga av saka, men *inhabil* i den delen av saka som gjeld området Bådane/Reset, med heimel i fvl §6b. Samrøystes vedteke. Judith Kvåle (Ap) gjekk inn som vara i den delen av saka som gjaldt området Bådane/Reset.

Paul Jacob Helgesen (Sp) vart vurdert som habil, med heimel i fvl §6b. Samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå Siri Sandvik (Ap):

Akvakultur:

1. Ta ut område VA47 Ervikskorane
2. Ta ut område VA53 Torvneset
3. Ta ut område VA55 Breivika

Massegjenvinning:

4. Ta ut område BN27 Reset

Betty Hessevik (Sp) fremja innstillinga frå utval for areal og eigedom.

Det vart røysta over endringsframlegget frå Siri Sandvik (Ap):

- Det vart røysta over pkt 4 som fekk 2 røyser og fall. Siri Sandvik (Ap) og Judith Kvåle (Ap) røysta for. Judith Kvåle var i denne avrøystinga møtande representant for Wanja Lien (H).
- Det vart røysta over pkt 1-3 som fekk 1 røyst og fall. Siri Sandvik (Ap) røysta for.

Det vart røysta over innstillinga frå utval for areal og eigedom som vart samrøystes vedteke.

F- 21/089 Vedtak:

Med heimel i PBL § 11-14 vedtek Stad kommune å legge ut planframlegg for kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune for 2021 – 2031 til 2. offentleg ettersyn, med frist for å kome med merknad til planframlegget til 1. september 2021.

- Administrasjonen må korrigere kart og KU knytt til område Bådane/Reset.
- Planomtale i Kjøde må oppdaterast, slik at grunngeving for å ta ut tilkomstveg i sjø kjem fram.
- Kommunen tek ikkje ut prosjekt no, i påvente av innspel frå 2. gongs høyring.

Saksopplysningar:

Kommunestyra i Selje og Eid vedtok høvesvis 12.09.2018 og 04.10.2018 deltaking i interkommunalt plansamarbeid for sjøområda. Framgangen i planarbeidet vart satt på vent hausten 2019. Planen vart varsla på ny våren 2020 som ein kommunedelplan for Stad kommune slik at Bryggja også kom med i arealavgrensinga. I Januar 2020 var planframlegget oppe til politisk handsaming og den vart vedteken lagt ut på offentleg høyring i perioden 4. februar til 22. mars 2021.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for meir næringsaktivitet i sjøområda, utan at dette kjem i konflikt med viktige naturområde, kulturminne, verneområde eller bruken av sjøområda som rekreasjon for fastbuande og besøkande.

Saksframlegg til andre gongs høyring og offentleg ettersyn omfattar:

- planomtale
- konsekvensutgreiing
- kart og føresegner

Medverknad

I løpet av våren 2021 har det vore helde tre digitale medverknadsmøter; eit for Nordfjorden, eit for sjøområda nord for Stadlandet og eit for sjøområda sør for Stadlandet. Tilsaman deltok ca. 100 deltakarar på desse møta. Vi har òg hatt 3 dialogmøte med direkte råka grunneigarar for områda Berstad, Lestovika og Kjøde.

I mars inviterte Statsforvaltaren til arbeidsmøte om planen, der dei fleste andre offentlege høyringspartar òg deltok. I lag med dei andre kommunane i Nordfjord har vi fått invitasjon frå Fiskeridirektoratet til arbeidsgruppe områdevurdering Nordfjord der målet er å finne fram til gode løysingar for disponering av areal til akvakultur i Nordfjord. Dette arbeidet er også Mattilsynet, fylkeskommunen og Statsforvaltaren med i. Stad kommune har takka ja til

å bli med i dette samarbeidet og vil avvente resultatet av arbeidet for å sjå om dette er noko vi bør legge til grunn for plassering av akvakulturareal innan endeleg vedtak av kommunedelplanen. Vi har gjennomført arbeidsmøte med kystverket og statsforvaltaren om tema knytt til akvakultur.

Det har vore arbeids- og informasjonsmøte i utval for areal og eigedom og i utval for kultur, idrett, næring og samfunn i april og mai, der utvala har kome med tilrådingar til planarbeidet.

Parallelt har det vore arbeid med ulike konsept for best mogleg utnytting av massane etter skipstunnelen, dette kjem ein nærare inn på i eigne saker.

Merknadar:

Det har kome inn 187 innspel og merknadar innan høyringsfristen. I tillegg har det komne nokre tilleggsmerknadar frå privatpersonar og bygdelag i april og mai.

- Kort om offentlege merknadar:

Dei fleste offentlege merknadane er generelle innspel der dei føreset at tiltaka i plan vert redusert i tal og omfang før neste offentlege ettersyn. Når planen vert lagt ut på ny høyring vil dei kome med konkrete innspel og merknadar til dei enkelte tiltaka.

Statsforvaltaren meiner planforslaget vil medføre negative konsekvensar for miljøverdiar av nasjonal og regional interesse i eit alt belasta fjordsystem. Dei viser til at planen kan kome i konflikt med både økologiske funksjonsområder for fisk med dei særlege omsyna som mellom anna følgjer av Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks.

Kystverket varsla motsegn mot 13 akvakulturareal som følgje av konflikt med ferdsel og farlei.

Fylkeskommunen varsla mogleg motsegn mot vidare utfylling ved Pelagia mot Klubbeholmen på grunn av omsynet til automatisk freda kulturminne og rår frå fleire akvakulturareal i ytre, og ber oss ta omsyn til kulturmiljø mellom anna ved utbygging i Lestovika.

Elles ser dei positivt på at kommunen har innarbeidd nye område for akvakultur, då nok og store akvakulturområde i kommuneplanane er avgjerande for ei berekraftig utvikling av næringa. Er viktig at næringa får mogelegheit til å utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar.

Mattilsynet kjem med presiseringar til fagområdet fiskehelse, samt kva føringar som gjeld for deira saksbehandling av etableringssøknader av akvakultur, dei ber kommunen legge vekt på å finne gode områder som er egna til akvakultur, og der det er fokus på å ha branngater på minst fem km mellom grupper av akvakulturanlegg.

- Kort om private merknadar

Omlag halvparten av merknadane frå ulike lag, verksemder og privatpersonar går på bruken av sjøområda til rekreasjon for fastbuande og besøkande, og på verdien av urørt natur for bulyst.


Barnhagar og grunnskular skildrar bruken av sjøområda som leik- og læringsarena. Leirskular som nyttar sjøområda som t.d. Krokapollen og Fjordly. Turistverksemder peikar på sjøområda som viktige areal for deira gjester, både til fiske og til bading. Bygdelaga viser til bruken av sjøområda til fritidsaktivitetar, som fiske, bading, padling, anna sjøsport og leik i

fjøra. Dei utrykkjer uro for påverknad på villaks, viktige lakseelver og sjøaure. Vidare er det sendt innspel som peikar på lakserettar i sjø. Allemannsretten i sjø vert vektlagt av fleire, der ein ser på akvakulturanlegg i sjø som hinder for utøving av fritidsfiske. Det vert òg vist til at fortøyingane vil vere i konflikt med utøving av fiske i fjorden. Frå Bryggja er det sendt inn underskriftsliste mot akvakultur ved Krokapollen/ Raftevikneset og Storøya.

Det har vore mange kritiske merknadar til massedeponi og dumperveg i strandsona på Berstad og i Kjøde, til fiskerihamn i Lestovika, småbåthamn i Jensevika ved Selje sentrum og til innspel om turistføremål og småbåthamn på Salt. Særleg til utviding av næringsområde på Flatraket har det kome mange negative merknadar, men òg til utviding for Pelagia og for næringsområde på Reset har det kome negative merknadar.

Vurdering:

- Til dette planframlegget er det konsekvensutgreidd 26 forslag til tiltak. Alle tiltaka som er teken ut av planforslaget til handsaming no, er òg teke ut av konsekvensutgreiinga og planomtalen.
- To innspela har ikkje vore vurdert i konsekvensutgreiinga på bakgrunn stor konflikt med fleire viktige omsyn som automatisk freda kulturminne, føremålet med [Stad marine verneområde](#) og marine ressursar og naturmangfald. I tillegg er avstanden for gratis frakt av masse frå skipstunnelen for lang for eit av forslaga. Forslaga gjeld kunstig rev i Hoddevika og molo på Klubbeholmen i Moldefjorden på grunn av moglege ulemper frå planlagt utdjuping i Saltasundet.



Dei viktigaste endringane til planframlegget for 2. offentlege ettersyn:

AKVAKULTUR:

Følgande akvakulturareal er teke ut på bakgrunn av råd frå politiske utval, motsegn frå kystverket, sterke frårådingar frå andre offentlege høyringspartar og stor motstand blant innbyggjarar og skular/barnehagar. Konfliktane er knytt til ferdsel og farlei, kultur og reiseliv, friluftsliv, natur og viktige korallfjørekomstar:

VA21	Dragsfalla
VA22	Salt
VA23	Barmsund
VA24	Røyset
VA26	Flatraket
VA42	Krokapollen - Totland
VA43	Storøya - Totland

VA44	Åsneset
VA49	Orheimsvika
VA54	Hjellevika
VA56	Lotestranda
VA57	Aust for Åseskjeret

Akvakulturreala som står att har fått krav til art og er noko endra i høve til merknadar frå offentlege høyringspartar, mellom anna er areala lagt lenger frå land for å gjere ferdsel og friluftsliv meir tilgjengeleg på innsida av akvakulturreala. Farleiareala er teke omsyn til. I føresegnene er det mellom anna sett krav til miljø og til at fiskeforbodet på 100 meter rundt sjølve anlegga må vere innafor areala sett av til akvakulturføremål i plan.

Område	Namn	Art eller artsgrupper	Løyve i dag i dag
VA01	Apalset	Alle artsgrupper	Nei
VA11	Stokkeneset	Alle artsgrupper	Ja, torsk
VA12	Rekvika	Alle artsgrupper	Ja, torsk
VA13	Beitveit	Alle artsgrupper	Ja, laks
VA25	Loksvika	Skjel og vasslevande plantar	Nei
VA31	Rundreimstranda	Alle artsgrupper	Ja, laks
VA32	Venøyvikane	Skjel og vasslevande plantar	Ja, skjel
VA33	Vetthusstranda	Alle artsgrupper	Ja, tare
VA45	Midthjell	Alle artsgrupper	Nei
VA46	Haus	Skjel og vasslevande plantar	Nei
VA47	Ervikskorane	Alle artsgrupper	Nei
VA50	Løkjaneset	Skjel og vasslevande plantar	Nei
VA51	Fjøsvika – Gjølsholmen	Skjel og vasslevande plantar	Nei
VA52	Hamneset - Torheimsneset	Skjel og vasslevande plantar	Nei
VA53	Torvneset	Alle artsgrupper	Nei
VA55	Breivika	Alle artar med unntak av anadrome artar	Nei
VA61	Hundvika Aust	Alle artsgrupper	Ja, laks

Det er tre akvakulturområde vi har valt å gå vidare med på trass av fråråding i konsekvensutgreiinga (KU), der ein mellom anna peikar på at areal her kan vere i strid med FN sine berekraftmål nr. 14 om livet i havet. For VA47 Ervikskorane er det stor motstand lokalt, både frå privatpersonar, skule og barnehage, lag og organisasjonar. Arealet vert rådd frå i KU på grunn av korallførekomst. For VA53 Torvneset er det også lokal motstand og arealet vert rådd frå i KU på grunn av korallførekomst. VA55 Breivika er frårådd på grunn av at det ligg nær eit inngrepsfritt område på land. Her er også lokal motstand til arealet.

Grunngjevinga for å likevel legge dei inn i planen er at det på VA47 og VA53 ligg søknadar

etter akvakulturlova til klagehandsaming, og vi ser det som best tenleg at desse akvakulturareala bør ligge i planen fram til klagehandsaminga er omme. Dersom avslag vert oppretthalde i klagehandsaminga, må vi vurdere på nytt om desse akvakulturareala skal ut av planen. For VA55 er grunngevinga at vi ønsker å legge til rette for at eit areal for akvakultur av torsk i Nordfjorden.


Dersom VA47 Ervikskorane vert teke ut av planen på grunn av resultatet frå klagehandsaminga, vil vi prioritere VA45 Midthjell som akvakulturareal for alle artar i denne delen av Nordfjorden.

MASSEGJENVINNING:

Følgande areal er teke ut på bakgrunn av sterk motstand lokalt og eller råd frå politiske utval:

BN 25	Perneset, Flatraket	Areal knytt til Fiskevegn og Kvernevik m/ fleire
VS 01	Jensvika	Areal knytt til småbåtanlegg

Etter dialog med Kvernevik og Fiskevegn har ein forsøkt å justere dette arealet noko, men nytt framlegg til arealbruk er ikkje lagt inn i planframlegget slik det ligg føre no. Ein rår til å halde på arealet som sett av i gjeldande arealplan som vist under. Forslag om redusert utfyllingsareal til venstre og utfyllingsareal klarert i gjeldande plan til høgre:




Følgande areal er endra med nye føresegner og ny arealavgrensing, på bakgrunn av sterk motstand lokalt og råd frå politiske utval:

BA 01	Kjøde	Areal knytt til massegjenvinning og steinbrot med etterbruk næring.
BA 02	Kjøde	Alternativt areal til midlertidig anleggsveg - dumperveg frå tunnelopninga til FV 620 (tidsavgrensa til skipstunnel er ferdigstilt). Tilbakeføring til landbruk.
BA 03	Kjøde	Alternativt areal til midlertidig anleggsveg - dumperveg frå tunnelopninga til FV 620 (tidsavgrensa til skipstunnel er ferdigstilt). Tilbakeføring til landbruk.
BA 04	Kjøde	Areal til anleggsveg - dumperveg frå fylkesveg til massegjenvinningsanlegg BA01
BA	Berstad	Kombinerte føremål landbruk, fritid, turisme, næring og

21	småbåthamn i sjø.
----	-------------------

På Berstad (venstre utsnitt) har vi fjerna dumperveg i strandsona og redusert arealet for utfylling. I Kjøde (høgre utsnitt) har vi lagt inn to alternative dumpervegar, den eine går delvis i strandsona, den andre kryssar eit større landbruksareal. Næringsområde i sjø er teke ut og arealet for massegjenvinning på land ved Kraftstasjonen er utvida noko. Les meir om tiltaka i Kjøde i eiga sak.



Følgande areal er utvida betydeleg som følge av prosessen med å finne areala for massegjenvinning som gjev størst samfunnsnytte:

BN 21	Lestovika - Eide	Areal nedanfor fylkesveg i Lestovika mot Eide
VHS 23	Lestovika - Eide	Areal knytt til moloanlegg og hamneområde i sjø for BN21

Les meir om tiltaka i Lestovika til Eide i eiga sak. Ei endeleg vurdering av kva for næringsareal som vert lagt inn i planen for utfylling av massar frå skipstunnelen vil bli avgjort i løpet av planprosessen. Ved endeleg vedtak av plan må vi mellom anna velje mellom næringsområde Hatlenes, som ligg inne som utfyllingsareal for næring i gjeldande arealplan, og arealet som er lagt fram i dette planframlegget, langs vegen frå Lestovika til Eide.

Følgande nye areal er lagt inn i planframlegget på bakgrunn av politiske vedtak, råd frå politiske utval og innspel:

BN 27	Reset	Areal knytt til industriområde Reset
VHS 25	Reset	Areal knytt til molo- kaianlegg og hamneområde i sjø til BN27
BA 05	Skorge	Areal til kai og molo med føremål næring, fritid og turisme
BA 22	Lesto	Kombinerte føremål landbruk, fritid og turisme
BA 23	Håvik	Areal til kai og slipp i sjø og båtoppbevaring på land
BFT 23	Salt	Føremål fritid og turisme
VS 23	Salt	Areal knytt til moloanlegg og flytebrygger til BFT23
BFT 24	Skottneset	Føremål fritid og turisme

VS 24	Skottneset	Areal knytt til moloanlegg og flytebrygger til BFT24
VHS 01	Leikanger	Areal knytt til moloanlegg og hamneområde i sjø

Areal som er frårådde i konsekvensutgreiinga (KU), men likevel teke med i planframlegget: Tabell henta frå KU der det mellom anna kjem fram at særleg tiltaket på Leikanger, på grunn av storleiken, vil gje vesentleg negativ landskapsverknad. Vidare at nokre av forslaga òg vil vere i strid med FN sine berekraftmål nr. 14 om livet i havet.

Kap	Vurderingsområde	Konfliktpunkt
3.2	Leikanger; hamn	Landskapsverknad, nærmiljø -visuell verknad, manglar data for marint biologisk mangfald.
3.7	Bådane/Reset; næring/industri, molo og hamneareal	-Gyte og oppvekstområde, -Landskap, visuell verknad. -Vêrhardt -Støy , tilkomstveg
4.2	Berstad	Trua naturtype – elvedelta. Aurebestand Berstadelva. Landskap.
4.5	Salt; molo/småbåthamn/ turisme	Nasjonal landskapsverdi Særprege landskapselement/halvøy Regional og nasjonal verdi for landskapsøkologi

Grunngjevinga for å likevel legge desse områda er politiske føringar jf. vedtak vist under:

F- 21/064 Vedtak: (utdrag)

2. Stad formannskap kjem med følgjande tilråding for det vidare arbeidet med vurdering av alternativ for nyttegjering av massar frå Stad skipstunnel:

- Forprosjekt for ny molo- og hamnestruktur på Stadlandet: Formannskapet tilrår at arbeidet med forprosjektet held fram som skissert, og at arealbruken i sjø blir vurdert i samband med framlagt sluttrapport og i kommunedelplan for sjøområda. Kommunen ynskjer eit samarbeid med lokale private aktørar i gjennomføringa av dette forprosjektet.

4. Formannskapet syner til omtale i saka om mulig bruk av tunnelmassar i privat eigd område på Berstad rett ved tunnelmunningen på sørsida, og at dette kan vere interessant frå Kystverket si side på grunn av kostnadseffektiv og klimamessig god bruk av tunnelmasser med kort transportveg og gjenbruk av matjord. Formannskapet ber administrasjonen gå i dialog med Kystverket og grunneigar for å avklare nærare premissane for vidare utvikling av området, inkludert økonomisk ansvar. Ein går ikkje vidare med planane om dumpersveg langs strandlinja.

og

UAE- 21/067 Vedtak og UKISN- 21/047 Vedtak: (utdrag)

Orienteringa vert teken til vitande, med følgjande innspel til vidare arbeid med i kommunedelplan for sjøområda:

1. Masseplassering: Følgjande område vert teke med i kommunedelplan for sjøområda:

· Skotneset Feriesenter · Salt Marina · Bådane/ Reset

Oppsummert

Kommunen ynskjer ein planprosess der råka partar får høve til å medverke før det vert fatta endeleg vedtak om arealbruken. Det er difor lagt opp til ei lang høyringsperiode fram til 1. september der vi opnar for dialog med innbyggjarar, næringsaktørar og offentlege og private høyringspartar. Kommunedirektøren rår difor til å at Stad kommune vedtek å legge ut planframlegg for kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune for 2021 – 2031 til 2. offentlege ettersyn, med frist for å kome med merknad til planframlegget til 1. september 2021.

Økonomiske konsekvensar:

Vedtak om offentlig ettersyn av planframlegget inneber ingen økonomiske konsekvensar utover midlane som allereie har sett av til dette arbeidet.